

Uskedalen manglar ladestasjon for elbilar.

Harald Sætre syner fram elbilen, kjøpt på Rødsten i Herøysundet, og ladepunktet. Saka er at Uskedalen manglar ein ladestasjon.

Harald Sætre ynskjer å fronta ei sak som burde vera aktuell for Uskedalen. Bygda manglar ein ladestasjon for elbilar. Sætre bur i Arna, har hytte i Stardalen i Sunnfjord og leileghet i Uskedalen. Han er godt nøgd med den nye elbilen, som er kjøpt på Rødsten bilforretning i Herøysundet. Han ser klart at det er ein samanheng mellom lading og handel. Det vert meir og meir til at han på turen til Uskedalen handlar der han ladar.

Ei hurtiglading tek om lag 20 - 30 minuttar. Det er tida han treng for å stikka innom matevarebutikken eller andre butikkar tett ved. Dermed vert handelen gjort på SPAR Rosendal og ikkje på SPAR i Uskedalen, slik han helst ynskjer. På turen til Sunnfjord handlar han oftast i Førde fordi der er det ladestasjon, og ikkje på Skei.

Ladestasjonane i Kvinnherad er montert på Husnes og i Rosendal. Fylkeskommunen var pådrivar og arbeidet vart gjort i samarbeid med Kvinnherad kommune. Plasseringa vart gjort ut frå ei geografisk fordeling. Husnes fekk ladestasjon fordi det var eit regionscenter. Kvinnherad energi eig denne stasjonen. Den same vurderinga vart gjort for utplassering i Rosendal med sitt kommunesenter.

Saka gjeld ein så kalla hurtig ladestasjon. Kostnaden med innkjøp og montering ligg rundt kr. 450.000,- . Stasjonen i Rosendal vert i snitt brukt 2 gonger for dagen, på Husnes 3 gonger.

Uskedalen.no føl opp denne saka seinare i påsken med kommentarar frå Kenneth Ingvaldsen i Kvinnherad Energi og Bente Nielsen, dagleg leiar på SPAR Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Harald Sætre/Kristian Bringedal



På reise frå Uskedalen til Norheimsund ladar Sætre elbilen sin på Jondal ferjekai med butikk like ved.